



Marianne L. Nielsen

Dato: 04.08.2015
Vår ref.: 2015/1545-2
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak. Tildeling av reisestønad til museumstur til Orknøyane 28.- 30. september 2015. Bymuseet i Bergen

Vi viser til søknad, registrert 3. februar 2015, om 60 000 kr. til studietur til Orknøyane for tilsette ved Bymuseet i Bergen. Vi beklagar seint svar på søknaden, men syner til oppfølging i e-post dagsett 25. juni med presentasjon av dei faglege kontaktane.

Anna kvart år reiser Bymuseet i Bergen på fellestur for å bli inspirert og for å lære. Turen i 2015 går til Orknøyane. Bergen og Orknøyane har etter gamalt hatt sterke og langvarige kontaktar. Studieturen vil gi nye kontaktar med tanke på framtidig kultur- og utstillingssamarbeid. Fleire av institusjonane i Bymuseet vil ha direkte utbytte tematisk. Widerøe skal fly charter med heile gruppa (45 personar).

Som del av programmet vil Orkney Council halde ei mottaking for Bymuseet. Her vil representantar frå Orkney Norway Friendship Association, Orkney Heritage Society, Orkney Museums and Orkney College Archaeology Department vere til stades.

Studieturen har ein kostnad på 325 500 kroner. I tillegg til søknad til Hordaland fylkeskommune på 60 000 kroner, er studieturen finansiert med tilskot frå Bymuseet på 103 000 kroner og sparing frå dei tilsette på 162 500 kroner.

Hordaland fylkeskommune løyver 30 000 kroner til Bymuseet i Bergen frå budsjettpost 40072026, internasjonalt kultursamarbeid.

Grunngjeving

Nasjonale og regionale museumspolitikker legg vekt på forvaltning, formidling, forskning og fornying som musea sine hovudoppgåver. Internasjonalt samarbeid og erfaring kan vere ein del av det som skapar fornying innan dei felte som musea har som oppgåver. Hordaland fylkeskommune har ei særleg interesse i å utvikle samarbeid med Edinburgh og Orknøyane.

Tiltaket bygger opp under kulturutvekslinga i samarbeidet mellom Hordaland fylkeskommune og Orknøyane. I programmet er det lagt opp til møtestader mellom Bymuseet og sentrale aktørar på Orknøyane. Dette er viktig som oppfølging av det faglige samarbeidet som fylkeskommunen har utvikla dei seinare åra. Bymuseet har institusjonar som tematisk er sentrale i utvikling av til dømes formidlings- og forskingsprosjekt som samarbeidsprosjekt i Nordsjøområdet.

Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt Bymuseet i Bergen sin konto med kr. 30 000. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Tildelinga byggjer på følgande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føremål, innhald og framdrift samt kostnadsplan slik det går fram av søknaden.
- Det er ein føresetnad at Bymuseet i Bergen har møte med aktuelle aktørar for å følge opp fagleg samarbeid som fylkeskommunen har utvikla dei seinare åra.
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnd under.

Rapportering

Rapport og rekneskap, signert av prosjektansvarleg, sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Utgreiing om gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring

Tilsegnsmottakar skal sjølv varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre brot på vilkåra for tildelinga eller reglar om rapportering/rekneskap og kontroll kan vedtaket om tildeling bli gjort om, med krav om heil eller delvis tilbakebetaling av tildelte midlar.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny Skaar
Utviklingssjef/
seksjonsleiar kunst- og kulturformidling

Elisabeth Bjørsvik
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.